

## LIKINGSBLANKETTANE 2009 – VIKTIGE ENDRINGAR

Vi sender med dette ut orientering om viktige endringar som er lagt inn i skjema dette året. Nye skjema og skjema som går ut, er òg omtala. NOKUS-skjema er ikkje omtala her. Det same gjeld skjema som omhandlar skattlegging av reiarlag og skattlegging av kraftverk. Når hermeteikn er nytta i skjemanamnet (på overskriftsnivå) tyder det på at skjemaet ikkje finst på nynorsk.

### Innhald:

AKSJONÆRSKATTLEGGINGA – OPPGÅVE FRÅ SELSKAPET .....	2
RF-1086 Aksjonærregisteroppgåva 2009 .....	2
AKSJONÆRSKATTLEGGINGA – OPPGÅVE FRÅ AKSJONÆREN .....	2
RF-1059 Aksje- og andelsoppgåve over inngangsverdi, utbytte og realisasjon .....	2
for 2009 .....	2
RF-1088 Oppgåve over aksjar og eigenkapitalbevis for 2009 .....	2
RF-1141 Gevinst og tap på aksjar og partar o. a. ved utflytting – 2009 .....	3
SELSKAPSOPPGÅVA .....	3
RF-1215 Selskapsoppgåve for deltakarlikna selskap (KS, ANS o.a.) 2009 .....	3
DELTAKARLIKNING – OPPGÅVE FRÅ SELSKAPET .....	5
RF-1220 Tilleggsskjema for utrekning av deltakars inntekt i ansvarlege .....	5
selskap o.l. i skogbruk og reindrift 2009 .....	5
RF-1233 Selskapet si oppgåve over deltakaren si formue og inntekt i deltakarlikna .....	5
selskap (KS,ANS o.a.) 2009 .....	5
DELTAKARLIKNING – OPPGÅVE FRÅ DELTAKAREN .....	5
RF-1221 Deltakaren si oppgåve over eigen formue og inntekt i deltakarlikna selskap .....	5
(KS,ANS,o.a.) 2009 .....	5
NÆRINGSOPPGÅVENE .....	6
RF-1175 Næringsoppgåve 1 for 2009 .....	6
RF-1167 Næringsoppgåve 2 for 2009 .....	7
RF-1170 ”Næringsoppgave 3 for 2009 For forsikringsselskaper mv.” .....	8
RF-1173 ”Næringsoppgave 4 for 2009 For banker, finansieringsforetak mv.” .....	8
VEDLEGG TIL NÆRINGSOPPGÅVENE .....	8
RF-1013 Kostprisoppgåve til bruk ved overtaking av landbrukseigedom .....	8
RF-1016 Opplysningar for utrekning / endring av formuesverdi på .....	8
skogeigedomar 2009 .....	8
RF-1022 Kontrolloppstilling over registrerte og melde beløp for 2009 .....	8
RF-1052 Avstemming av eigenkapital m.m. ....	9
RF-1084 Avskrivingsskjema for saldoavskrivningar og lineære avskrivningar .....	9
2009 .....	9
RF-1123 Opplysningar om kontrollerte transaksjonar og mellomvere 2009 .....	9
RF-1125 Opplysningar om bruk av bil .....	10
RF-1177 Tilleggsskjema for næringsdrivande innanfor jordbruk/gartneri, .....	10
skogbruk, reindrift, pelsdyrnæring og for skiferproduksjon i Nord- .....	10
Troms og Finnmark – år 2009 .....	10
RF-1217 Spesifikasjon av skilnader mellom rekneskapsmessige og .....	10
skattemessige verdiar 2009 .....	10
RF-1219 Gevinst- og tapskonto 2009 .....	11
RF-1223 Tilleggsskjema for drosje- og lastebilnæring o.a. 2009 .....	11
RF-1269 ”Tilleggsskjema for foretak som bruker IFRS eller forenklet IFRS” .....	11
FØRETAKSMODELLEN .....	11
RF-1224 Skjema for utrekning av personinntekt 2009 .....	11
SJØLVMELDINGANE .....	12

RF-1030	Sjølvmelding for lønnstakarar, pensjonistar o.a. / Sjølvmelding for næringsdrivande o.a.....	12
RF-1028	Sjølvmelding for aksjeselskap, verdipapirfond, bankar o.a. 2009.....	13
RF-1038	”Selvangivelse for forhåndslikning av utenlandsk arbeidstaker” – Tax Return for advance assessment of foreign employee.....	14
RF-1040	Sjølvmelding for førehandslikning o.a. ....	14
RF-1047	”Inntektsoppgave” – Tax Return 2009.....	14
ANDRE VEDLEGG TIL SJØLVMELDINGANE .....		14
RF-1034	”Skjema for fordeling av stedbunden inntekt og formue mellom kommuner” (Vedlegg til sjølvmelding for næringsdrivande, RF-1030).....	15
RF-1053	”Fradrag i skatt for kostnader til forsknings- og utviklingsprosjekter (FoU) 2009” .....	15
RF-1070	Hjelperekning av renteinntekt til ekstrabeskatning ved lån frå personleg skattytar til selskap o.a. 2009 .....	15
RF-1098	Formueverdsetjing av næringsseigedom 2009.....	15
RF-1109	”Oppgave over uttak, og opplysninger over tidlige uttatte eiendeler mv. frå norsk beskatningsområde 2009” .....	15
RF-1145	Frådrag i norsk skatt for skatt betalt i utlandet (kreditfrådrag) for aksjeselskap o.a. og deltakarlikna selskap for 2009 .....	15
RF-1149	Tilleggskjema til RF-1145 og RF-1147 om kreditfrådrag 2009 .....	16
RF-1150	Nedsetjing av inntektsskatt på lønn 2009.....	16
RF-1189	Årsoppgjer for utleige o.a. av fast eigedom.....	16
RF-1206	”Oppgave over avgitt og mottatt konsernbidrag 2009” .....	16
RF-1213	Oppgåve for utrekning av næringsinntekt for lottfiskarar og særskilt frådrag innan fiske og fangst 2009.....	16
RF-1281	”Selvangivelse for personer som ikke har mottatt forhåndsutfylt selvangivelse for 2009, med rettleiing RF-2042. ....	16
FEIL I SKJEMA.....		17

## AKSJONÆRSKATTLEGGINGA – OPPGÅVE FRÅ SELSKAPET

### RF-1086 Aksjonærregisteroppgåva 2009

Ingen viktige endringar.

## AKSJONÆRSKATTLEGGINGA – OPPGÅVE FRÅ AKSJONÆREN

### RF-1059 Aksje- og andelsoppgåve over inngangsverdi, utbytte og realisasjon for 2009

Del 1 og 2 har innleiingsvis eigen post 108 der ein skal oppgje om det har vore hendingar i selskapet som t.d. fusjon, fisjon, splitt/spleis og fondsemisjon. Denne posten er noko endra frå skjemaet frå i fjor, då gjaldt postane 108-110. Nå skal skattytar oppgje selskapshending og justeringsfaktor, samt overdragande selskap sitt namn og/eller organisasjonsnummer ved fisjon og fusjon. Justeringsfaktoren er avgjerande for å få rett inngangsverdi i postane 201 og 501.

I rettleiinga RF-1072 er det og gjort endringar i forklaringa på korleis skattytar skal rekne ut inngangsverdien i fisjonstilfella. Avgjerande for nye inngangsverdiar er kor mykje/ kor stor del av selskapet som er skild ut, og ikkje antall aksjar o.a. eller pålydande før og etter fisjonen.

### RF-1088 Oppgåve over aksjar og eigenkapitalbevis for 2009

Grunnfondsbevis har endra namn til eigenkapitalbevis.

Nytt av året er at det på side 2 i oppgåva òg kan vere ein tabelloversikt over aksjar som er registrert i skatteetaten sitt aksjonærregister, men som du likevel må levere "Aksje- og partsoppgåve over inngangsverdi, utbytte og realisasjon for 2009" (RF-1059) for. Desse selskapa har levert mangelfulle opplysningar om sine aksjonærar til skatteetaten. Skatteetaten kan derfor ikkje presentere komplette og spesifiserte opplysningar om dine aksjar i disse selskapa.

Ved elektronisk innlevering av oppgåva i altinn.no (forenkla utgåve av RF-1088) kan alle aksjonærar no finne ei fullstendig RF-1088-oppgåve i pdf-versjon.

Spesielt for selskapsaksjonærar:

Oppgåva vert ikkje sendt til selskap som eig aksjar (selskapsaksjonærar). Oppgåva vert lagt ut som ei pdf-fil på selskapet si Altinn-side. Denne er berre til orientering og skal ikkje leverast. Det er laga ei særskild side 1 for selskapsaksjonærar som informerer om at oppgåva berre er til orientering, og at selskapsaksjonærar ikkje skal levere oppgåva.

### **RF-1141 Gevinst og tap på aksjar og partar o. a. ved utflytting – 2009 med rettleiing RF-1280.**

Skjemaet er nytt. Det skal leverast av personlege skattytarar som påstår at dei har fått annan skattemessig heimstad i løpet av 2009, og dei eig aksjar, partar og visse anna objekt. Etter skattelova § 10-70 flg. skal dei skattleggjast for latente gevinstar dei har på slike objekt ved opphøyr av skattemessig busetnad i Noreg. Tilsvarande reglar gjeld for tap. Dette gjeld sjølv om aksjen o.a. ikkje faktisk er seld eller realisert på annan måte.

I Del 1 i skjemaet reknar ein ut gevinstar og tap ved utflytting. Berre der netto gevinst eller tap overskrid eit terskelbeløp på kr 500 000, er gevinsten skattepliktig eller tapet gjev rett til frådrag.

Skattytar kan i visse tilfelle få utsetjing med innbetaling av utlikna skatt. Skjemaet må leverast saman med sjølvmeldinga.

Skatteplikta blir endeleg dersom aksjen o.a. blir realisert innan 5 år etter opphøyr av skattemessig busetnad i Noreg. Skattyter må difor gje opplysningar om aksjar o.a. framleis er i behald i 5 år etter at skattemessig busetnad i Noreg tok slutt. Dette må gjerast i Del 2.

I Del 3 reknar ein ut gevinst eller tap ved faktisk realisasjon av aksjen o.a. og reknar ut endeleg skattepliktig gevinst eller tap for aksjen o.a.. Dersom skattytar ikkje har realisert aksjen innan 5 år fell skatteplikta bort, og likninga for utflyttingsåret må endrast.

Del 2 og Del 3 må leverast av skattytar innan 30. april kvart år. Ved krav om kreditfrådrag, må skattytar gjere dette i eige vedlegg til skjemaet.

### **SELSKAPSOPPGÅVA**

#### **RF-1215 Selskapsoppgåve for deltakarlikna selskap (KS, ANS o.a.) 2009**

På side 1 er spørsmåla om rekneskapsføraren sitt namn og organisasjonsnummer fjerna.

I feltet opplysningar om selskapet er det eit nytt spørsmål: "Hvis ja, kan alt underlagsmateriale leggjast fram, jf. sktl. § 10-41 første ledd siste setning?"

I same feltet er det eit nytt spørsmål: "Har selskapet vore part i fusjon, fisjon eller fått endra eigartilhøve på grunn av fusjon, fisjon eller nokon annan transaksjon?"

Under feltet "Opplysningar om og dokumentasjon av kontrollerte transaksjonar og mellomvere med nærstående, jf. ligningslova § 4-12 med forskrift", er det teke bort spørsmål om selskapet har transaksjonar under beløpsgrensene. Det har kome til eit nytt spørsmål om selskapet er dokumentasjonspliktig.

På side 2 er postane 510 og 511 fjerna.

I staden har postane 510 A, 510 B, 510 C og 510 D kome inn for å føre formuesverdi spesifisert i RF-1098. Dei nye postane er:

510 A Utleigd norsk næringsseigedom (ikkje næringsseigedom knytta til kraftverk, jord- og skogbruk) (RF-1098). Denne posten inneheld felt for:

Adresse  
Kommune  
Gårdsnr.  
Bruksnr.  
Festenr.  
Seksjonsnr.  
Likningsverdi

510 B Utleigd utanlandsk næringsseigedom (ikkje næringsseigedom knytta til kraftverk, jord- og skogbruk) (RF-1098). Denne posten inneheld felt for:

Adresse  
Land  
Likningsverdi

510 C Anna norsk eigedom av eitkvart slag. Denne posten inneheld felt for:

Type eigedom  
Adresse  
Kommune  
Gårdsnr.  
Bruksnr.  
Festenr.  
Seksjonsnr.  
Likningsverdi

510 D Anna fast eigedom i utlandet av eitkvart slag . Denne posten inneheld felt for:  
Type eigedom  
Adresse  
Land  
Likningsverdi

På side 2 er det 3 nye postar:

Post 514 ”Særskilde driftsmiddel i kraftanlegg, jf. sktl § 18-6, og formue i kraftanlegg som ikkje er sett i drift, jf. sktl. § 18-5 sjetteste ledd”.

Post 515 ”Elektroteknisk utrustning i kraftføretak mv. (saldogruppe g)”

Post 518 ”Fast teknisk installasjon i bygningar (saldogruppe j)”

**NB: Om rettleiinga til selskapsoppgåva, RF-1216:**

Etter at denne meldinga vart kunngjort 2. mars 2010, har vi vorte gjort merksam på at det i post 717, innleiinga, skal stå:

”Posten er aktuell dersom selskapet har realisert part i eit anna deltakarlikna selskap. Posten er aktuell dersom det er kryssa av for ja i deltakaroppgåva post 745”.

**DELTAKARLIKNING – OPPGÅVE FRÅ SELSKAPET**

**RF-1220 Tilleggsskjema for utrekning av deltakars inntekt i ansvarlege selskap o.l. i skogbruk og reindrift 2009.**

Skjemaet er endra ved at resultatandel og arbeidsgodtgjering er splitta med omsyn til gjennomsnittsutrekninga. Splitting skal gjennomførast frå og med 2009.

I tillegg er det sett inn felt for opplysning om tidspunkt for overtaking av eigedomen og spørsmål om gjennomsnittslikninga skal startast i år.

**RF-1233 Selskapet si oppgåve over deltakaren si formue og inntekt i deltakarlikna selskap (KS,ANS o.a.) 2009**

Endringane er omtalt under RF-1221 Deltakar si oppgåve over eigen formue og inntekt i ansvarlege selskap o.a. 2009.

**DELTAKARLIKNING – OPPGÅVE FRÅ DELTAKAREN**

**RF-1221 Deltakaren si oppgåve over eigen formue og inntekt i deltakarlikna selskap (KS,ANS,o.a.) 2009**

**Ny post 116**

Det er innført ein ny post 116 for deltakarar i selskap som har gått ut av reiarlagsordninga etter sktl. §§ 8-10 flg. Desse skal nytte posten om det vert skilnad mellom skattemessig og verkeleg verdi når dei går ut av ordninga. Posten inneheld rubrikk for å setje inn differansebeløp dersom selskapet går ut av ordninga i inntektsåret, eller overført beløp, dersom selskapet har gått ut av ordninga tidlegare år. Det er ein rubrikk for det beløp som skal avreknast i inntektsåret, og ein rubrikk for eventuelt beløp til framføring til seinare år.

**Ny post 127**

Her fører ein korreksjon for gjennomsnittsligning av arbeidsgodtgjering frå selskap som driv verksemd innan skogbruk eller reindrift som vert omfatta av gjennomsnittsligning etter sktl. §§ 14-81 og 14-82. Beløpet hentar ein frå RF-1220 post 113 kolonne 2(skogbruk), og post 113 kolonne 4(reindrift).

Dersom deltakaren har motteke arbeidsgodtgjering, skal beløpet for 2009 førast i post 125.

I post 127 skal ein føre den delen av arbeidsgodtgjeringa, som på grunn av gjennomsnittsligninga jf. sktl. §§ 14- 81 og 14-82, ikkje skal gå inn i den almenne inntekta til deltakaren for 2009. Beløpet som skal førast i post 127, blir utrekna i RF-1220 «Tilleggsskjema for utrekning av deltakars inntekt i ansvarlege selskap o.l. i skogbruk og reindrift» post 113 kolonne 2 eller 4.

Fyller ein ut "Fordeling av formue og inntekt mellom ektefellar for overføring til sjølvmelding", skal beløpet som er ført i post 127 takast med saman med beløpet ein henter i post 120, og summen skal førast i kolonne II. Når ein fyller ut kolonne II i fordelingstabellen, skal ein fyrst legge saman dei to tala, og deretter fordele summen mellom dei to ektefellane, registrerte partnarane eller meldepliktige sambuarane.

Fyller ein ut "Forslag til fordeling av del formue og inntekt mellom kommunar", skal ein leggje saman inntekt i post 120 med korrigeringa i post 127, og fordele summen i den vassrette lina med leietekst "Eige inntekt i post 120". Ein må òg taka omsyn til korrigeringa i post 127 viss ein fyller ut den vassrette lina med leieteksta "Ektefellen sin inntekt i post 120". Utfylling av felta i den sistnemnde raden er aktuell viss deltakaren fordele inntekt frå post 140 med ektefelle, registrert partnar eller meldepliktig sambuar.

### **Ny post 150**

Denne posten er ny og skal nyttast om selskapet har teke ut egedelar frå norsk skattleggingsområde i inntektsåret.

Dersom vilkåra for å utsetje betalinga av skatt for gevinst på slike egedelar, jf. sktl. § 9-14 er oppfylt, skal gevinsten førast i post 150. Tilsvarande skal tap med utsett frådragsføring førast i same post, høgre kolonne. Merk at det er eit vilkår for fortsatt utsetjing med innbetaling av skatten at det saman med sjølvmeldinga kvart av dei påfølgande åra etter inntektsåret kan dokumenterast at egedel eller skyldnad er i behald, og kor skattytaren er busett etter skattereglane. Etterskotspliktige skattytarar (aksjeselskap mv.) skal ikkje ta med beløp frå post 150 i si sjølvmelding.

### **Post 745**

Ein gjer merksam på at spørsmålet i denne posten er endra i høve til inntektsåret 2008 ved at det no vert spurt om gevinsten er omfatta av fritaksmetoden i skatteloven § 2-38(2) bokstav b.

## **NÆRINGSOPPGÅVENE**

### **RF-1175 Næringsoppgåve 1 for 2009**

Side 1:

- a) Nærings- (kontor) adresse er endra til: Forretningsadresse
- b) Feltet "Tilleggsopplysningar og spesifikasjonar" er fjerna
- c) Under "Bruttofortjeneste på innkjøpte varer for videresal" er postane 0210, 0220 og 0230 fjerna. Leieteksta i post 0240 er endra til: "Totale salsinntekter"

- d) Post 0340 har fått nytt postnr. 0300 og er flytta opp under overskriften: ”Skattemessig verdi på kundefordringar”

Side 2:

- a) Leieteksta i post 3900 er endra til ”Andre driftsinntekter”  
b) Ny post 7098: ”Privat bruk av el. kommunikasjon”

Side 4:

- a) I leieteksta til post 0415 er ordet ”Tilbakeføring” sløyfa

### **Endringar i rettleiingane RF-1176 og RF-1178**

Side 1: Nytt: Ei presisering om at postane 7000 – 7080 berre skal nyttast til transportmidlar.

Det er eit nytt avsnitt om fritak for levering av næringsoppgåve. For øvrig er heile side 1 omredigert, men uendra i innhaldet. (Gjeld begge rettleiingane)

**NB:** Etter at denne meldinga vart kunngjort 2. mars 2010, har vi vorte gjort merksam på at følgjande setning manglar i begge rettleiingane:

”Det skal berre leverast eitt eksemplar av Næringsoppgåve 1, sjølv om ein driv fleire næringar.”

### **RF-1167 Næringsoppgåve 2 for 2009**

Desse postane er fjerna i 2009

- Post 0210 ”Avgiftspliktig sal”
- Post 0220 ”Avgiftsfritt sal”
- Post 2041 ”Fond for vurderingsforskjellar i DLS”
- Post 2042 ”Fond for vurderingsforskjellar i andre selskap”
- Post 0981 ”Avsetjing til felleseigd partskapital jf. nytt sktl. § 10-50 første ledd 2. punktum”.

Desse postane er nye i 2009

- Post 8910 ”Andre resultatkomponentar for IFRS-føretak”
- Post 1120 ”Fast teknisk installasjon i bygningar (saldogruppe J)”
- Post 1395 ”Netto pensjonsmidler”
- Post 2043 ”Fond for vurderingsforskjellar”
- Post 2330 ”Derivat”

Felleseigd partskapital som tidlegare vart ført i post 2010 ”Eigne aksjar”, skal ein no føre i post 2059 ”Annan eigenkapital/felleseigd partskapital”.

### **RF-1168 Rettleiinga til Næringsoppgåve 2**

Rettleiinga til utfylling av næringsoppgåva beskriv føringa av skattekravet noko upresist i kapitlet som heiter ”Skattefrådrag for underskott for inntektsåret 2009”.

Føretak skal føre skattekravet i balansen post 1570 ”Andre kortsiktige fordringar”. I resultatet skal ein inntektsføre skattekravet i post 8300 ”Betalbar skatt” (negativ betalbar skatt). Dette beløpet tilbakefører ein ved utrekning av skattepliktig næringsinntekt i næringsoppgåva side 4 post 0820 ”Negativ skattekostnad”.

Det oppstår ikkje skilnad mellom rekneskapsmessig og skattemessig verdi på skattekravet. Ein skal såleis føre opp ein skattemessig verdi på skattekravet i

næringsoppgåva side 1 post 0440 "Andre fordringar, mellom anna fordringar på konsernselskap, tilsette, eigarar og liknande til pålydande", som er same verdi som er lagt til grunn regnskapsmessig.

### **RF-1170 "Næringsoppgave 3 for 2009 For forsikringselskaper mv."**

(Da skjemaet berre ligg føre i bokmål, vil leietekstene nedafor ha bokmål tekst)  
På side 1 er post 0140 Reassuranseavsetning teke ut. Postane 3033, 3345, 7120, 7130, 7140, 7370, 7380 og 7390 er delt opp i dei to gruppene: andeler i norske deltakerlignede selskaper og andeler i utenlandske deltakerlignede selskaper.

I rettleiinga, RF-1172, side 1 under Regnskapsperiode har årstalla ikkje blitt oppdatert. Rett dato skal her vere 01.01.09 til 31.12.09, eventuelt 01.06.08 til 31.05.09 ved avvikande rekneskapsår.

### **RF-1173 "Næringsoppgave 4 for 2009 For banker, finansieringsforetak mv."**

(Da skjemaet berre ligg føre i bokmål, vil leietekstene nedafor ha bokmål tekst)

Nye postar:

Post 0145 Periodens endringer i nedskrivning/reversering av nedskrivning vedrørende utlån vurdert til virkelig verdi.

Post 0225 Verdijustering vedrørende utlån til virkelig verdi.

Post 1635 Andre verdiendringer.

Post 3345 Verdijustering på utlån til kreditinstitusjoner, vurdert til virkelig verdi

Post 3485 Verdijustering på utlån til kunder, vurdert til virkelig verdi

Post 3721 Andeler i utenlandske ANS, KS mv

Post 4215 Finansielle derivater. Verdiendringer på sikringsobjekter i porteføljesikring av renterisiko

Post 4415 Gjeld til kredittinstitusjon

Post 4515 Innskudd frå og gjeld til kunder

Post 4712 Finansielle derivater, sikringsbøkføring

Post 4715 Finansielle derivater. Verdiendringer på sikringsobjekter i porteføljesikring av renterisiko

Postene 6120, 6130, 6140, 6370, 6380 og 6390 er delt opp i henholdsvis andeler i norske deltakerlignede selskaper og andeler i utenlandske deltakerlignede selskaper.

Postane 3310 og 3320 går ut.

## **VEDLEGG TIL NÆRINGSOPPGÅVENE**

### **RF-1013 Kostprisoppgåve til bruk ved overtaking av landbrukseigedom**

Vi seier oss leie for at rubrikk for ny saldogruppe j ikkje er kome inn i skjemaet.

Vi ber om at felt IX "andre opplysningar og merknadar" vert nytta til å gje opplysningar om aktiva i saldogruppe j.

### **RF-1016 Opplysningar for utrekning / endring av formuesverdi på skogeigedomar 2009**

Skjemaet skal berre leverast når skogformuen har endra seg vesentleg i året, ved til dømes tilkjøp, fråsal, verving eller endra bonitetsfordeling (ny skogbruksplan)mv. Det same gjeld ved kjøp og sal av hel eigedom.

### **RF-1022 Kontrolloppstilling over registrerte og melde beløp for 2009**

Postane 112 "Offentleg tilskot vedr. arbeidskraft" og 113 "Offentleg refusjon vedrørende arbeidskraft" er fjerna.

## **RF-1052 Avstemming av egenkapital m.m.**

Sidene 4-6 er fjerna. Her skulle føretak som nyttar IFRS eller forenkla IFRS, og som nyttar næringsoppgåve 2, spesifisere vurderingsprinsipp/ vurderingsmetodar for balansepostane. Og postane 200-206 er fjerna.

## **RF-1084 Avskrivningsskjema for saldoavskrivningar og lineære avskrivningar 2009**

Navnet på skjemaet er endra til "Avskrivningsskjema" og rettleiinga er skilt ut i et eige skjema RF-1270.

**NB:** I post 110a skal ein føre årets saldoavskrivning, eventuelt inntekt av negativ saldo frå saldogruppe a, c, d eller j. I skjemaet er saldogruppe j ved ein feil ikkje teke med i leieteksta til denne posten. At denne saldogruppa skal være med går likevel fram av rettleiinga.

Med verknad frå og med inntektsåret 2009 har vi fått ein ny saldogruppe j for faste tekniske installasjonar. I ny post 103b skal det gjerast ei fordeling av eksisterande saldo for bygg (saldogruppe h) og forretningsbygg (saldogruppe i) per 31. desember 2008, mellom saldo for bygget og saldo for dei faste tekniske installasjonane i bygget.

For inntektsåret 2009 kan driftsmiddel som kjem inn under saldogruppe d, og som er skaffa i 2009, avskrivast med opp til 10 % av kostprisen i tillegg til den ordinære avskrivningssatsen på 20 %. Det same gjeld påkostningar på driftsmiddel i denne saldogruppa føretekne i 2009. Denne ekstra avskrivninga skal først i ny post 119b.

## **RF-1122 Tileggsskjema for overnattings- og serveringsstader som serverer øl, vin og brennevin**

Driv føretaket fleire overnattings- eller serveringsverksemdar leverer ein eitt skjema for kvar verksemd. No går det klarare fram av skjemaet at ein skal gi opp adresse, postnummer og poststad for serverings- eller overnattingsstaden.

For å gjere utfyllinga enklare er kolonnen for varekjøp og kolonnen for bruttoforteneste fjerna frå post 1. Kolonnen inntakskost på selde varer fyller ein ut på grunnlag av varekostnaden i resultatrekneskapen.

## **RF-1123 Opplysningar om kontrollerte transaksjonar og mellomvere 2009**

Nytt i 2009 er at skjemaet og rettleiinga (RF-1124) finst i engelsk språk.

I likningslova § 4-12 nr. 6 er det inntekte at oppgåve- og dokumentasjonsplikt gjeld for selskap og innretningar som har kontrollerte transaksjonar og mellomvere med fylkeskommunar og kommunar som, direkte eller indirekte, eig eller kontrollerer selskapet eller innretninga med minst 50 %.

I endringsforskrifter av 15. desember 2009 vart det fastsett at ovannemnde transaksjonar og mellomvere skal reknast med ved vurderinga av om beløpsgrensa for oppgåvepliktsplikt er oppfylt fom inntektsåret 2009.

Lenkjer:

Forskrift om endring av oppgåveplikt

[http://www.regjeringen.no/nb/dep/fin/dok/lover\\_regler/forskrifter/2009/forskrift-15-desember-2009-om-endring-av.html?id=588596](http://www.regjeringen.no/nb/dep/fin/dok/lover_regler/forskrifter/2009/forskrift-15-desember-2009-om-endring-av.html?id=588596)

Forskrift om endring av dokumentasjonsplikt

[http://www.regjeringen.no/nb/dep/fin/dok/lover\\_regler/forskrifter/2009/forskrift-15-desember-2009-om-endring-av-2.html?id=588597](http://www.regjeringen.no/nb/dep/fin/dok/lover_regler/forskrifter/2009/forskrift-15-desember-2009-om-endring-av-2.html?id=588597)

I postane 18 og 19 - er det føreteke ei presisering av leietekstane i postane. Det er inntekte "Provisjonsinntekter, inntekter fra ordreproduksjon og kontraktsforsking" i post 18 og "Provisjonskostnader, inntekter fra ordreproduksjon og kontraktsforsking" i post 19.

Det er også presisert i overskrifta på siste side "Mellomvere (pr 31.12 eller annan dato for avslutning av rekneskapen)". Dette er spesifisert nærmare med omsyn til dei selskap som har eit avvikande regneskapsår.

#### **RF-1125 Opplysningar om bruk av bil**

Det er gjort ei oppdatering av innslagspunktet for trinn 2 ved fordelsutrekning for arbeidstakar sin private bruk av arbeidsgivar sin bil (beløpet er auka frå kr 249 600 til kr 257 100).

Ved avkryssinga av om "skjemaet er vedlegg til sjølvmeldinga eller til ei næringsoppgåve", kan ein nå også krysse av for alternativet "Sjølvmelding med fritak for næringsoppgåve".

**RF-1160 Særskild oppgåveplikt for lønn til barn frå foreldra si verksemd o.a.**  
Forskrift av 23. desember 1983 nr. 1840 om særskilt oppgåveplikt for lønn til barn frå foreldra si verksemd o.a. er oppheva. Difor treng ingen levere RF-1160 for inntektsåret 2009.

For ordens skuld gjer vi merksam på at regelendringa ikkje inneber nokon endring i plikta som føretaka har til å levere RF-1015 «Lønns- og trekkoppgåve».

#### **RF-1177 Tilleggsskjema for næringsdrivande innanfor jordbruk/gartneri, skogbruk, reindrift, pelsdyrnæring og for skiferproduksjon i Nord-Troms og Finnmark – år 2009**

Side 2:

- a) I post 220 b er det tilføyd eit minus-teikn.
- b) Under romertall VIII er tilføyd ei ny tekst: "Det skal kun kryssast av om det er endringar frå førre året".  
I same feltet er det eit nytt ja/nei - punkt med tekst: "Er kårkontrakta endra? - Alle kostnader vert dekt av kår-mottakar"

Side 3:

- a) Ny post 330 med tekst: "Korrigerer for beløp frå gevinst- og tapskonto".
- b) Som følge av ovanståande er postnummera frå 330 til 333 heva med eitt nummer.
- c) I ny post nr 333 (tidl. 332) tredje rubrikk er teksten i rubrikken endra til "- Innsk./+Uttak frå post 332".

#### **RF-1217 Spesifikasjon av skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar 2009**

Post 135 "Latent skattemessig vinst ved realisasjon av eigedel overført skattefritt til anna selskap i same konsern" er fjerna.

## **RF-1218 Rettleiing til utfylling av skjemaet RF-1217 ”Spesifikasjon av skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar”**

Rettleiinga (RF-1218) til utfylling av skjema for mellombelse skilnader beskriver føringa av skattekravet noko upresist i kapitlet som heiter ”Skattefrådrag for underskott for inntektsåret 2009”.

Rekneskapsmessig og skattemessig verdi på skattekravet skal inngå i RF-1217 post 42 ”Rekneskapsmessig verdi på andre krav...” kolonne II og post 43 ”Skattemessig verdi på krav...” kolonne II. Føresetnaden er at desse beløpa er av same størrelse, og at det såleis ikkje vil oppstå nokon mellombels skilnad.

Det er ikkje eigen post i sjølvmeldinga for korrigering av underskott til framføring med underskott som inngår i grunnlaget for skattefrådraget. Selskapet skal føre det rettmessige underskottet til framføring i RF-1217 post 130 kolonne II, dvs. etter frådrag for underskott som inngår i grunnlaget for skattefrådragsordninga. Er selskapet omfatta av skattefrådragsordninga for 2009, vil underskottet i post 130 kolonne II avvike frå underskottet i sjølvmeldinga post 290.

### **RF-1219 Gevinst- og tapskonto 2009**

I rettleiinga (RF-1210B) post 10 er det ved en feil vist til saldogruppe e-j. Det skal her stå saldogruppe e-i.

### **RF-1223 Tilleggsskjema for drosje- og lastebilnæring o.a. 2009**

Oppe på side 1 har vi fjerna felta for adresse, postnummer og poststad.

Post 5 er splitta i to slik at det kjem klarare fram korleis ein skal fylle ut posten. Har bilen gått på det aktuelle løyvet heile året, fører ein 01.01.2009 i post 5a og 31.12.2009 i post 5b.

I rettleiinga på side 2 er det forklart korleis ein fyller ut post 7 og 8 viss ein har kjøpt eller seld bilen i inntektsåret. Der er det også presisert korleis ein fyller ut post 11 og 44.

Inneheld post 30 køyring med fakturering til NAV, skal ein opplyse særskilt om kor stor del av det fakturerte beløpet som gjeld betaling for venting. Dette gjeld også skulebarnkøyring for det offentlege.

### **RF-1269 ”Tilleggsskjema for foretak som bruker IFRS eller forenklet IFRS”**

Dette skjemaet er nytt for 2009. Foretak som nyttar IFRS eller forenkla IFRS, skal levere dette skjemaet som pliktig vedlegg til næringsoppgåve 2. Ein skal her føre andre resultatkomponentar og verkeleg verdi og anna verdsetting på anleggsmiddel.

## **FØRETAKSMODELLEN**

### **RF-1224 Skjema for utrekning av personinntekt 2009**

Det er i skjemaet for 2009 teke inn ei ny soldogruppe under post 2.1. Ny saldogruppe j: Fast teknisk instalasjon i bygningar. Dette er fast teknisk utstyr som gagnar bygninga som bygning, og som vert avskriven i eiga saldogruppe j med ein samlesaldo for kvar bygning.

Frå og med inntektsåret 2009 kan nokre enkeltpersonforetak med brutto næringsinntekt (tilsvarande post 9900 i næringsoppgåva) som ikkje overstig kr 50 000, bli friteke frå plikta til å levere næringsoppgåve som vedlegg til sjølvmeldinga. Det er

omfattande unntak av kva for enkeltpersonføretak som er fritatte frå å levere næringsoppgåve for inntektsåret 2009. For meir informasjon, sjå RF-2003 "Starthjelp for næringsdrivande".

For enkeltpersonføretak som ikkje leverer næringsoppgåve, skal brutto driftsinntekter, totale fradragsberettigede driftskostnader og driftsresultat først direkte i sjølvmeldinga RF-1030 i egne felt som har leieteksta: " For enkeltpersonføretak som ikkje leverer næringsoppgåve".

I tillegg til fritaket for plikta til å levere næringsoppgåve er det også lempa på plikta til å levere skjema for utrekning av personinntekt RF-1224 i desse tilfella. Det skal fortsatt reknast personinntekt for denne gruppa med låge driftsinntekter, men skattytar sin bruk av skjema RF-1224 er i desse tilfella frivillig. Dette inneber at dersom skattytar ikkje ønskjer å levere "Skjema for utrekning av personinntekt", vil det beløp som kjem fram i sjølvmeldinga under "Driftsresultat" bli lagt til grunn som utrekna personinntekt ved skatteutrekninga.

Dersom skattytar har forhold som tilseier at han ønskjer at utrekninga av personinntekta skal skje på grunnlag av innlevert RF-1224, kan dette skjemaet likevel leverast saman med sjølvmeldinga.

Vi gjer særskilt merksam på at RF-1224 *må* leverast dersom skattytar har negativ utrekna personinntekt, anten frå inneverande inntektsår, eller har negativ utrekna personinntekt til framføring frå tidlegare år. For meir informasjon, sjå RF-2003 "Starthjelp for næringsdrivande".

Skjema for utrekning av personinntekt (RF-1224) vil fortsatt vere pliktig vedlegg til sjølvmeldinga i alle andre tilfelle.

## **SJØLVMELDINGANE**

### **RF-1030 Sjølvmelding for lønnsstakarar, pensjonistar o.a. / Sjølvmelding for næringsdrivande o.a.**

Det er mogleg å levere engelsk utgåve av sjølvmeldinga på [www.altinn.no](http://www.altinn.no) og [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no). Førebels er det berre laga elektronisk utgåve av nokre få av vedleggsskjema til sjølvmeldinga på engelsk.

Skatteetaten sender RF-1030 «Sjølvmelding 2009 for lønnsstakarar og pensjonistar o.a.» eller RF-1030 «Sjølvmelding 2009 for næringsdrivande o.a.» på nordsamisk til dei som har bedt om å få det.

Personlege skattytarar som skal verta likna av Sentralskattekontoret for utanlandssaker, får tilsend førehandsutfylt sjølvmelding (RF-1030) med særskilde kontrollspørsmål på siste side, sjå eiga rettleiing (RF-2042). Frist for innlevering er 30. april. For dei som leverer sjølvmelding for næringsdrivande elektronisk, er fristen 31. mai.

Skattytarar som ikkje har motteke førehandsutfylt sjølvmelding (RF-1030), må fylle ut ei ikkje førehandsutfylt sjølvmelding RF-1281, sjå rettleiing (RF-2042).

Det er presisert at ein skal føre næringsinntekt frå skiferbrot i Nord-Troms og Finnmark i post 2.7.5. Næringsinntekt frå skiferbrot andre stadar fører ein i post 2.7.6.

Forskrift 1. desember 2009 nr. 1434 fritak nokre enkeltpersonføretak som ikkje har høgare brutto driftsinntekter enn kr 50 000, frå plikta til å levere næringsoppgåve. For desse skattytarane er det i staden laga nye felt i sjølvmeldinga for:

- Type verksemd
- Skattekommune
- Sum driftsinntekter

- Sum driftskostnader
- Driftsresultat
- Utrekna personinntekt.

Du kan lese meir om den nye ordninga i del 2 i RF-2003 «Sjølvmeldinga 2009 Starthjelp for næringsdrivande».

På grunn av dei nye felta for enkeltpersonføretak som ikkje leverer næringsoppgåve, har Skatteetaten gjort om dei siste sidene med utfyllingsposter i papirutgåva av RF-1030 «Sjølvmelding 2009 for næringsdrivande o.a.». Der er det og laga post for å føre gevinst/tap ved realisasjon av part frå post 145 i RF-1221 «Deltakaren si oppgåve over eigen formue og inntekt i deltakarlikna selskap (KS, ANS o.a.)».

Det er laga ny post 4.3.5 "Utleigd norsk næringseigedom" og 4.6.1 "Utleigd utanlandsk næringseigedom". Her fører ein verdi spesifisert i RF-1098 «Formuesverdsetjing av utleigd næringseigedom». Er same eigedomen førehandsutfylt med formuesverdi i ein annan post, må skattytaren sjølv stryke den førehandsutfylte verdien.

Post 4.3.5 "Forretningseigedom" har endra nemning til 4.3.5 "Ikkje utleigd næringseigedom". Her fører ein eigedom som er brukt i næringsverksemd anten eigedomen er med eller utan bygg. Eig skattytaren slik eigedom som er førehandsutfylt i feil post, må ein

- stryke talet i den førehandutfylte posten
- finne fram likningsverdien frå 2008 og oppjustere den med 60 prosent
- føre likningsverdien i post 4.3.5 "Ikkje utleigd norsk næringseigedom"

Overstig den oppjusterte likningsverdien 60 prosent av dokumentert marknadsvardi, kan skattytaren krevje at likningsverdien vert sett ned.

Posten kor ein fører allmenn inntekt og netto formue frå RF-1246 «Deltakerens oppgave over egen formue og inntekt i norsk-kontrollert utenlandsk selskap i lavskatteland mv. (NOKUS)», har bytta nummer til 2.7.8/4.5.4.

## **RF-1028 Sjølvmelding for aksjeselskap, verdipapirfond, bankar o.a. 2009**

### *Side 1*

#### *Fusjon/fisjon*

For inntektsåret 2009 er det teke inn eit kontrollspørsmål på side 1 i høve til om selskapet har vore part i ein fusjon eller fisjon eller fått endra eigartilhøve på grunn av fusjon eller fisjon. Selskapet skal i så fall krysse av for dette i kontrollspørsmål på side 1. Dette gjeld også dersom selskapet har fått endra eigartilhøve på grunn av nokon annan transaksjon (inkludert sal og tingsinnskot) i inntektsåret med meir enn 90 prosent.

Dersom selskapet i inntektsåret har vore involvert i fisjon/fusjon, skal det i tillegg til svar på spørsmål og avkryssing gjevast opplysningar i eige vedlegg. Sjå meir om dette i rettleiing til sjølvmeldinga.

#### *Finansielle instrument*

I sjølvmeldinga for 2009 er det teke inn ein førespurnad på side 1 om føretaket har realisert finansielle instrument (herunder aksjar mm.) med skattepliktig gevinst og/eller frådragsgodkjent tap.

Det skal òg kryssast av for om selskapet har realisert finansielle instrument (herunder aksjar) som kjem inn under fritaksmetoden, med regnskapsmessig gevinst og/eller tap, sjå sktl. § 2-38. Dersom ikkje, skal det kryssast av for nei.

*Ytingar frå selskap til aksjonær og ytingar frå aksjonær til selskap*

Frå og med 2009 skal det òg kryssast av for om selskapet har ytt lån eller stilt sikkerheit for personlege aksjonærar eller desse sine nærstående i selskapet sitt morselskap.

*For selskap med underskott i 2009*

Med verknad for inntektsåra 2008 og 2009 er det innført nye reglar i skattelova § 16-60 flg. om skattefrådrag for underskott. Nytt i skjemaet for 2009 er ein post for avkryssing av om selskapet er omfatta av skattefrådragsordninga for underskott for 2009. Sjølve skattefrådraget vert fastsett maskinelt av skattekontoret.

*Side 2*

*Post 280 "Sum framført ubrukt underskott etter likninga for 2008"*

Underskott som selskapet har fått skattefrådrag for for inntektsåret 2008, kan ikkje framførast til 2009. For selskap som fekk innvilga skattefrådrag for underskott for inntektsåret 2008, vil det i dei fleste tilfella ikkje vere samsvar mellom beløpet som er ført som "Sum underskott til framføring per 1.1.2009" i post 288 i sjølvmeldinga for 2008, og beløpet selskapet har rett til å framføre per 1.1.2009. Rest underskott til framføring per 1.1.2009 vil i dei fleste tilfella gå fram av skatteoppgjeret for 2008. Sjå meir om dette i rettleiing til sjølvmeldinga.

*Side 4*

*Formue*

Aksjeselskap som er børsnoterte og/eller heileigde dotterselskap av børsnoterte aksjeselskap, treng ikkje fylle ut oppstillinga over formue på side 4.

Ved verdsetjinga av aksjar i ikkje-børsnoterte selskap skal ein for aksjar, eigenkapitalbevis og partar i aksjefond som selskapet eig f.o.m. inntektsåret 2008, bruke den fulle verdien av desse etter sktl. § 4 -12.

**RF-2016 Rettleiing til sjølvmelding for aksjeselskap o.a. 2009**

Rettleiinga er oppdatert i høve til nye reglar og dei nye postane.

**RF-1038 "Selvangivelse for forhåndsligning av utenlandsk arbeidstaker" – Tax Return for advance assessment of foreign employee**

Ingen endringar

**RF-1040 Sjølvmelding for førehandslikning o.a.**

Skjemaet skal no berre nyttast ved førehandslikning av bu. Skjemaet og rettleiinga er derfor tilpassa dette.

**RF-1047 "Inntektsoppgave" – Tax Return 2009**

Denne sjølvmeldinga er fjerna frå og med inntektsåret 2009. Skatteetaten vil i staden sende RF-1030 «Sjølvmelding 2009 for lønnstakarar og pensjonistar o.a.» eller RF-1030 «Sjølvmelding 2009 for næringsdrivande o.a.» til skattytarane.

**ANDRE VEDLEGG TIL SJØLVMELDINGANE**

**RF-1034 ”Skjema for fordeling av stedbunden inntekt og formue mellom kommuner”** (Vedlegg til sjølvmelding for næringsdrivande, RF-1030)

Alle postane som gjeld utrekna personinntekt i einskildpersonføretak og arbeidsgodtgjering til deltakar i ANS/KS, er fjerna, da det ikkje skal skje fordeling av personinntekt mellom kommunar.

Det er teke inn postar for inntekt frå dagmamma-verksemd og inntekt frå familiebarnehage, når verksemda vert driven frå eigen heim. Det same gjeld dersom slik versemnd vert driven av deltakarlikna selskap.

**RF-1053 ”Fradrag i skatt for kostnader til forsknings- og utviklingsprosjekter (FoU) 2009”**

I post 209 er beløpsgrensa heva til høvesvis 5,5 og 11 millioner for 2009. Elles ingen endringar.

**RF-1070 Hjelperekning av renteinntekt til ekstrabeskatning ved lån frå personleg skattytar til selskap o.a. 2009**

Ingen endringar.

**RF-1098 Formueverdsetjing av næringsseigedom 2009**

Det er gjort ein del endringer i skjemaet for 2009, da dette no skal nyttast av alle som eig utleigd næringsseigedom. For 2008 gjaldt skjemaet berre for dei som var omfatta av overgangsregelen. Post 116 er endra og post 117 er ny. Post 121 alternativt c er òg ny for 2009, og han må sjåast i samanheng med den nye posten 171. Post 140 er vesentleg endra og enklare i år enn i fjor. Post 142 er ny. I tillegg er post 190 ny.

**RF-1109 ”Oppgave over uttak, og opplysninger over tidligere uttatte eiendeler mv. frå norsk beskatningsområde 2009”**

For inntektsåret 2009 er skjema blitt delt opp i tre delar. Del I skal fyllast ut for uttak av eidedeler og forpliktingar frå norsk skattleggjingsområde i løpet av 2009. Del II skal fyllast ut for eidedeler mm som er teken ut av norsk skattleggjingsområde i eit tidligare år, og der ein har fått utsett innbetalinga av den utlikna skatten. Har ein i løpet av inntektsåret 2009 realisert den eigendelen mv. som er teken ut av norsk skattleggjingsområde, skal del III fyllast ut.

**RF-1145 Frådrag i norsk skatt for skatt betalt i utlandet (kreditfrådrag) for aksjeselskap o.a. og deltakarlikna selskap for 2009**

Det er ikkje store endringar i skjemaet, men nokre forhold er presisert samanlikna med skjema for 2008. Det er òg kome inn ein ny rubrikk på s. 2 med oversyn over maksimalt kreditfrådrag.

*Post 2.1 Rentekostnader som skal fordelast mellom utanlandsinntekta og norsk inntekt etter indirekte metode*

Det er presisert at beløpet skal hentast frå næringsoppgåva, med vidare tilvising til rettleiinga.

*Post 5.40 og 5.41 Oversyn over maksimalt kreditfrådrag*

Postane er nye. Dei er tekne med for å gi eit oversyn over kva som utgjer det maksimale kreditfrådraget. Kreditfrådraget er avgrensa til det lågaste av utrekna norsk skatt (28

%) av utanlandsinntekta (post 5.40), og det beløpet som faktisk er betalt i skatt i utlandet i inntektsåret (post 5.41).

#### **RF-1146 Rettleiing til utfylling av skjemaet RF-1145 "Frådrag i norsk skatt for skatt betalt i utlandet (kreditfrådrag) for aksjeselskap o.a. og deltakarlikna selskap for 2009"**

Rettleiinga er oppdatert i høve til dei endringar som er gjort i RF-1145.

##### *Post 1 Spesifikasjon av betalt inntektsskatt i utlandet*

Det er presisert at det ikkje vert gjeven frådrag for skatt betalt i utlandet av inntekt som er skattepliktig etter skattelova § 2-38 sjette ledd (tre prosent regelen), jf. skattelova § 16-20 første ledd.

##### *Postane 4.1, 5.3 og 5.26*

I rettleiinga til postane 4.1, 5.3 og 5.26 er det gitt ein omtale av betydninga av ein ny regel om underskott til framføring. Frå og med inntektsåret 2009 til og med inntektsåret 2012 gjeld det ein ny regel for underskott til framføring for selskap som har fått frådrag i skatt for underskott for inntektsåra 2008 og 2009, etter dei mellombelse reglane i skattelova §§ 16-60 flg. Når ein reknar ut maksimalt kreditfrådrag, skal ein sjå bort frå reduksjon av underskott til framføring på grunn av at det er gjeve frådrag i skatt etter dei mellombelse reglane, jf. skattelova § 16-63 tredje ledd.

#### **RF-1149 Tilleggskjema til RF-1145 og RF-1147 om kreditfrådrag 2009**

Ingen endringar.

#### **RF-1150 Nedsetjing av inntektsskatt på lønn 2009**

Skjemaet har frå og med inntektsåret 2009 endra navn på grunn av at pensjonar ikkje lenger vert omfatta av den alternative fordelingsmetoden. Bakgrunnen er ei endring i den nordiske skatteavtalen.

#### **RF-1189 Årsoppgjer for utleige o.a. av fast eigedom**

I skjemaet for 2009 er det teke inn ny leietekst i post 1.2 for å fange opp dei tilfella der kårkontrakten vert endra ved at kårrettar dekkjer alle kostnadane. Dette kom som følgje av svar frå finansminister Kristin Halvorsen 09.01.2009 på spørsmål nr. 453 frå stortingsrepresentant Ingebrigt S. Sørfonn.

#### **RF-1206 "Oppgave over avgitt og mottatt konsernbidrag 2009"**

Det er ingen endringar i postene i skjemaet, berre i rettleiinga.

#### **RF-1213 Oppgave for utrekning av næringsinntekt for lottfiskarar og særskilt frådrag innan fiske og fangst 2009**

I post 300 er teken inn at det maksimale særskilte frådraget for fiskarar og fangstfolk er heva til kr 150.000 for inntektsåret 2009.

#### **RF-1281 "Selvangivelse for personer som ikke har mottatt forhåndsutfylt selvangivelse for 2009, med rettleiing RF-2042.**

Ny sjølvmeldingsblankett i 2009 som skal nyttast av lønnstakarar og personleg næringsdrivande som ikkje får tilsendt RF-1030. Dei aller fleste av desse vil vere personar som kjem fra utlandet og som skal liknast ved SFU. Skjemaet kan berre leverast på papir.

## FEIL I SKJEMA

### **RF-1219 Gevinst- og tapskonto 2009, ....med rettleiing RF-1210**

I rettleiinga (RF-1210B) post 10 er det ved en feil vist til saldogruppe e-j. Det skal her stå saldogruppe e-i.

### **RF-1084 Avskrivings skjema for saldoavskrivningar og lineære avskrivningar 2009, ....med rettleiing RF-1270.**

I post 110a skal ein føre årets saldoavskrivning, eventuelt inntekt av negativ saldo frå saldogruppe a, c, d eller j. I skjemaet er saldogruppe j ved ein feil ikkje teke med i leieteksta til denne posten. At denne saldogruppa skal være med går likevel fram av rettleiinga.

XX

Etter at denne meldinga vart kunngjort 2. mars 2010, har vi vorte gjort merksam på følgjande feil:

### **RF-1176 og RF-1178 (rettleiingane til Næringsoppgåve 1)**

Følgjande setning manglar i begge rettleiingane side 1:

”Det skal berre leverast eitt eksemplar av Næringsoppgåve 1, sjølv om ein driv fleire næringar.”

### **RF-1216 (Rettleiing til selskapsoppgåva)**

I post 717, innleiinga, skal stå:

Posten er aktuell dersom selskapet har realisert part i eit anna deltakarlikna selskap. Posten er aktuell dersom det er kryssa av for ja i deltakaroppgåva post 745.